

Nasjonale prøver

Lesing 5. steget
Eksempeloppgåve 2



Opp-ned musene

av Roald Dahl



Det var ein gong ein gamal mann på 87 år som heitte Laban. I heile sitt liv hadde han vore ein stille og roleg person. Han var svært fattig og veldig lukkeleg.

Då Laban oppdaga at han hadde mus i huset sitt, plaga det han ikkje så mykje til å byrje med. Men musene formeira seg. Dei byrja å plage han. Dei heldt fram med å formeire seg, og til slutt kom dagen då han ikkje heldt det ut lenger.


«Dette er for mykje», sa han. «Dette er verkeleg å gå litt for langt.» Han humpa ut or huset og nedover vegen til ein butikk der han kjøpte nokre musefeller, eit bit med ost og litt lim.

Då han kom heim, smurde han limet under musefellene og festa dei i taket. Deretter la han varleg ostebitar i fellene som lokkemat, og gjorde dei klar til å smekke igjen.

Den natta då musene kom ut or hola sine, og såg musefellene i taket, tykte dei det var noko til morosam vits. Dei valsa rundt på golvet, dulta bort i einannan, og peika oppover med framføtene medan dei hylte av lått. Det var trass alt nokså toskete å feste musefeller i taket.

Då Laban kom ned neste morgon, og såg at inga mus var fanga i fellene, smilte han, men sa ingen ting.

Han tok ein stol, smurde lim under stolbeina, og festa han opp ned i taket, like ved musefellene. Det same gjorde han med eit bord, fjernsynsapparatet og lampa. Han tok alt som sto på golvet, og festa det opp-ned



i taket. Til og med eit lite golvteppe festa han i taket.

Neste kveld då musene kom ut or hola sine, vitsa og lo dei framleis om det dei hadde sett natta før. Men nå, då dei såg opp i taket, slutta dei brått å le.

«Du slette tid!» ropte ei av dei. «Sjå der oppe! Der er jo golvet!»

«Du store min!» ropte ei anna mus. «Vi står visst i taket!»

«Eg byrjar å kjenne meg litt svimmel,» sa ei anna mus.

«Alt blodet går til hovudet mitt,» sa ei anna mus.

«Dette er skræmande!» sa ei svært høgtstående mus med lange vêrhår.

«Dette er verkeleg skræmande! Me lyt gjere noko med dette med ein gong!»

«Eg kjem til å svime av dersom eg må stå på hovudet mykje lenger!»
ropa ei ung mus.

«Eg òg!»

«Eg orkar ikkje dette!»

«Hjelp oss! Gjer noko, ein eller annan, og det fort!»

Nå tok dei til å bli hysteriske. «Eg veit kva vi skal gjere,» sa den svært høgtstående musa. «Vi står på hovudet alle saman, så får vi rette sida opp.»

Lydig reiste alle seg på hovudet, og etter ei lang stund svima dei av, ei etter ei, fordi blodet strøymde til hjernen deira.

Då Laban kom ned neste morgon, låg golvet strødd med mus. Raskt samla han dei opp, og la alle saman i ei korg.

Derfor er det ein ting du skal hugse på: Dersom du skulle synast at heile verda står på hovudet, må du passe på å halde føtene på jorda.



Spørsmål Opp-ned musene

1. Kor sette Laban musefellene?

- A i ei korg
- B attmed musehola
- C under stolane
- D i taket

2. Kvifor dulta musene i kvarandre, og peika opp mot taket med framlabbane då dei kom ut or hola sine den første natta?

- A Dei kunne sjå ein stol i taket.
- B Dei meinte Laban hadde gjort noko dumt.
- C Dei ville ha osten i musefellene.
- D Dei var redde det dei såg.

3. Korleis viser forteljinga deg kva musene trudde gjekk føre seg?

- A ved å fortelje deg kva Laban synest om musene
- B ved å skildre kor musene budde
- C ved å fortelje deg kva musene sa til kvarandre
- D ved å skildre korleis musene var

4. Kvifor låg golvet strødd med mus då Laban kom ned siste morgonen?

- A Musene hadde stått altfor lenge på hovudet.
- B Laban hadde gjeve musene altfor mykje ost.
- C Musene hadde falle ned frå taket.
- D Laban hadde smurt lim på golvet.

5. Du veit korleis Laban er utifrå det han gjer. Skriv ned korleis han er, og gje to eksempel på kva han gjer som viser dette.

6. Kva ord er det som best skildrar denne forteljinga?

- A alvorleg og trist
- B skræmmande og spennande
- C morosam og oppfinnsam
- D nervepirrande og mystisk

7. Tenk over kva Laban og musene gjorde i forteljinga. Forklar kva det er som gjer forteljinga utruleg.

Kolstadgata 1
Postboks 2924 Tøyen
0608 OSLO
Telefon 23 30 12 00
Telefaks 23 30 12 99
www.utdanningsdirektoratet.no